



Reimund Atle Borsholm  
Heien 21  
5037 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/207 - 19/4879

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

14.02.2019

## Svar på førespurnad om utslepp - gbnr 214/108 Fyllingsnes

Lindås kommune viser til din førespurnad om utslepp for eigedomen gbnr 214/108 mottatt 09.01.2019.

Slik vi tidlegare har tatt opp er det knytt utfordringar til utsleppssituasjonen i området. Det er ikkje kommunal avløpsanlegg i området og det er gitt mange utsleppsløyve til enkelt- og fellesleidningar. Kommunen er av den oppfatning at utsleppa i større grad må samlast i felles anlegg og at etablering av nye avløpsleidningar i størst mogleg grad må unngåast.

Etablering av nye avløpsanlegg i hytteområdet må skje anten

- ved tilknytning til eit framtidig avløpsanlegg innanfor reguleringsplanen for Nystøltunet
- ved etablering av nytt felles anlegg for hytteområdet eller
- ved etablering av separat avløpsanlegg for eigedomen som vert knytt til eksisterande godkjend avløpsleidning som går til sjø

Kommunen vurderer at det ikkje er trong for eit nytt møte i saka no. Vi tilrår at du tek kontakt med andre aktuelle grunneigarar innanfor hytteområdet og eit ansvarleg føretak for å sjå på moglege løysingar.

I samband med innsending av ny søknad kan de, i den grad det er aktuelt, be om førehandskonferanse.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**  
Teknisk drift

**Mottakarar:**  
Reimund Atle Borsholm                      Heien 21                      5037                      BERGEN